

Grunneigarar, berørte partar og off. mynde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

52104018/brev_Melding om oppstar__0410 2021.docx

2022-01-03

► Melding om oppstart av "Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl." - Hellesylt, Stranda kommune

Med dette varslar Norconsult AS på vegne av Norwegian Hydrogen AS (tiltakshavar), og i medhald av plan- og bygningsloven §12-8, oppstart av «Detaljregulering for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.» på Hellesylt i Stranda kommune.

Tiltakshavar ønskjer å legge til rette for ein arealbruk for gnr. 91 bnr. 174 i Hellesylt som gjev høve til etablering av fabrikk for produksjon og lagring av 1 til 2 tonn komprimert hydrogen pr. døgn. Så langt er anlegget tenkt som eit «container anlegg», dvs. bygd opp av modular som samla utgjør produksjonsfabrikken. Del av gnr. 91 bnr. 198 kan bli knytt til tiltaksområdet vedkomande tilkomst og avkøyrse til off. veg. Ev. sikringsvoll rundt anlegget vil inngå.

Eigedomane gnr. 91 bnr. 174 og gnr. 91 bnr. 198 inngår i dag i reguleringsplanen for Hellesylt sentrum med arealbruksføremålet «Forretning/industri, F/I». Arealbruken vil bli endra til «Industri» med endring av føresegnene i den grad det er naudsynt for å støtte det aktuelle tiltaket. Ev. endringar av gjeldande plan som følgje av innspel/merknader vil kunne kome til. Regulert avkøyrse frå noverande F/I-1 vil kunne bli endra eller gå ut.

Det varsla planområde er noko større enn det som til slutt truleg vert omfatta av planframlegget. Det vil bli gjort undersøkingar/drøftingar knytt til forhold opp mot dsb (Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap) sin «Veileder om sikkerhet rundt storulykkevirksomhet». Utanfor tiltaksområdet vil omsynssoener utgjere endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan.


Planområde: neste sider



Planområdet er vist på utklipp fra grunnkartet med svart stipla linje (nedskalert kart). Forventa tiltaksområde er vist på kartskisse i Planinitiativet.

På kartutklippet under er planområdet vist med raud stipla strek på gjeldande reguleringsplan (nedskalert kart):

Hellesylt sentrum (plan-ID 2011002), gjeldande frå 2.9.2015



Vi viser elles til Planinitiativet og referat frå oppstartsmøte med kommunen som gjev utfyllande opplysningar om tiltaket.

Konsekvensutgreiing:

Tiltaket er vurdert å være KU-pliktig i.h.t. *Forskrift om konsekvensutredninger* (FOR-2017-06-21-854), som trådte i kraft frå 01.07.2017 pga. etablering av eit produksjonsanlegg for eksplosjonsfarleg stoff. Det er stort sett dette farepotensiale av anlegget som utløyser KU. Tiltaket er likevel innanfor ein svært begrensa målestokk, slik at vedlegg I ikkje kjem til bruk og ikkje utløyser krav om planprogram.

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Norconsult ved Kåre Gjengedal, tlf. 95 13 89 22,
kare.gjengedal@norconsult.com

Innspel til planarbeidet må sendast skriftleg

på e-post til [mailto: kare.gjengedal@norconsult.com](mailto:mailto:kare.gjengedal@norconsult.com) innan **18.02.2022**

Vedlegg som skal leggast ut på kommunen si heimeside <https://www.stranda.kommune.no/tenester/bygg-plan-og-eigedom/plan/offentleg-utlegg/>:

- 01- Adresseliste
- 02- Referat frå oppstartsmøtet 21.09.2021
- 03- Notatet «Planinitiativ» dat. 04.10.2021 (versjon 2)
- 04- Annonse i NYSS

Med vennleg helsing
Norconsult AS

Kåre Gjengedal